

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **19.06.2020, kl. 09:00-14:45**
Møtestad: **Thon Hotel Førde, Førde**

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall: Anne Sissel Faugstad, Ivar Eriksen og Ole Gunnar Krakhellen

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerende direktør
Trine Hunskaar Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Anya Markhus, avdelingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Hege Kristiansen, overlege
Marit Solheim, forskingsleiar
Gro Rukan, rådgjevar

Sakliste

- 037/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden
038/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.05.2020
039/2020 Administrerande direktør si orientering
040/2020 Rapportering frå verksemda per mai 2020
041/2020 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Saker til orientering:

- 042/2020 Statusrapport forskning i Helse Førde
043/2020 Statusrapport innovasjon i Helse Førde
044/2020 Nye Førde sjukehus - løypemelding
045/2020 Eventuelt
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Thon Hotel Førde. Dette var andre fysiske møte etter koronapandemien.

Møtet starta med informasjon om koronareglar: Avstand - Håndhygiene - Hostehygiene

Fagdirektør Evy-Helen Helleseeth, som var ansvarleg for deltakarliste, orienterte om at deltakarane må følgje smittevernråda undervegs i møtet og i pausar.

FAGLEG ORIENTERING:

Overlege Hege Kristiansen orienterte om «Sårbare barn i et fedmefremmende samfunn»

Eit av fem barn i Norge har overvektig fedme. Det er stor arvelegheit i utvikling av fedme.

Årsaker til overvekt og fedme:

- ✓ Matvaner, tid brukt foran skjerm, fysisk aktivitet, negativ barndoms opplevelse, psykososialt stress, familiestruktur
- ✓ Hypoteser i studien
- ✓ Sunne spisevaner
- ✓ Fysisk aktivitet
- ✓ Høg utdanning av foreldre
- ✓ Barn som levde i blanda familie eller barn som voks opp hos enslige foreldre

Det var tre forskjellige studier, med forskjellige aldersgrupper.

Studien frå barn i alderen 6-15 år viste resultater for:

- Utdanning og matvaner
- Skjermtid og utdanning
- Utdanning og fysisk aktivitet

- Psykososial stress
- Familienstruktur – enslige foreldre, blanda familie, kjernefamilie

Konklusjon:

Foreldre sitt utdanningsnivå er også viktig i Norge. Skjermtid er forbunde med overvekt. BMI har ikkje samanheng med fysisk aktivitet.

Genetikk styrer mykje av dette. Det handlar å navigere i eit fedmefremmande samfunn. Å endre livsstil for barn og ungdom er svært vanskeleg. Barn som viser tidlig fedme må ha oppfølging.

I det globale bildet viser dette at samfunn/land som satsar på folkehelse er betre rusta mot både Covid-19 og fedme.

Styret takka for ei interessant orientering.

037/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden

Nye dokument lagt på bordet: Samhandlinga mellom Helse Førde og kommunane i opptaksområdet – til bruk i utviklinga av Helsefelleskap

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

038/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.05.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.05.2020.

039/2020 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om to nye punkt:

- Punkt 9 om budsjett og førebels ramme.
- Punkt 10 om personalsaker (*lukka del, jf. Helseføretakslova § 26 a*)

Dialogmøte med kommune vert utsett til hausten.

1. Rapportering tilsynssaker

Styret stilte spørsmål om vi er i mål med utlokaliserte pasientar. Rapport blir sendt til styret.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Korona – status i Helse Førde

Fagdirektør Helleseth orienterte kort om status korona i Helse Førde.

- Ingen innlagte med Covid-19
- Ingen positive testar siste 8 veker
- Ingen i karantene
- P.t. bra (tilfredsstillande) lager med smittevernutstyr
- God kapasitet på testing

No er det viktig å halde fokus. Alle smittevernreglar gjeld. Helse Førde oppretthald akuttmottak 2 gjennom sommaren. Vi fortset det gode samarbeidet med kommunane.

5. Lærlingar - halvårsrapportering

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om lærlingar.

Lærlingar og avlagde fagprøver i Helse Førde 2018-2020 viser:

- 2018/2019: 24
- 2019/2020: 28
- 2020/2021: 30

6. Rekrutteringsstrategi

HR-direktør Skjelten orienterte om status for prosjekt rekrutteringsstrategi.

Prosjektet har arbeidd godt i vinter, og er godt i gang innafor alle fem undergrupper/ tema. På grunn av koronasituasjonen har arbeidet vore på vent sidan starten av mars, då sentrale personar i prosjektet måtte prioritere smittevern og beredskap.

Planlagt sluttdato for prosjektet var 30. juni 2020. Ny estimert sluttdato er sett til 31. oktober 2020.

7. Helsefellesskap

Adm. direktør Varden orienterte om status for arbeid med helsefellesskap.

Viktig fokus er:

- Likeverdige partnarar
- Utforme fellesskap i lag
- På same stad i arbeidet
- Få med område vi må utvikle samarbeidet på
- Forankring i lokale behov

Prosess vidare:

- Sak i Koordineringsrådet 25. juni 2020
- Sak i Fagråd 17. september 2020
- Samhandlingskonferanse for partnarane/ dialogmøte

- Ny handsaming i Fagråd november 2020
- Ny handsaming i Koordineringsrådet desember 2020
- Oppstart januar 2021

8. Omdømmemåling i Helse Vest

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om undersøkinga.

Tiltrua til sjukehusa har auka, pasientar og pårørande er godt nøgde. Det er intervjuar 2008 persnar, derav 501 i Helse Førde, frå 14. til 29. mai. Snittskår ligg i reglen godt over 4 på alle område.

Internkommunikasjon under koronaen:

Ei spørjeundersøking i perioden 10.-17. juni sendt til tilsette i meir enn 50% stilling. 362 har svara på undersøkinga.

Vi har ei intern facebook-gruppe og hatt fleire allmøter (Skype), som begge viser betre deltaking/skår enn i dei andre føretaka.

Intranettet er eit stor informasjonskjelde for dei tilsette. Næraste leiar er ei viktig kjelde til informasjon.

9. Budsjett 2021 – førebels ramme

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om førebels ramme frå Helse Vest, som var styresak i Helse Vest 17. juni.

Det er stor usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Statsbudsjettet for 2021 blir lagt fram først i oktober 2020. Dei regionale helseføretaka utarbeider no ulike scenario i samarbeid med HOD.

For Helse Førde vert endra basisramme redusert med 6,1 millionar. Dette skuldast i hovudsak nedgang i folketalet i vårt ansvarsområde.

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2, ledd, nr. 2

10. Personalsak

Open del:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

Administrerende direktør vil understreke at Covid-19-pandemien har påverka drifta også i mai. Aktiviteten har auka ein god del samanlikna med førre månad, men på grunn av smittevernreglar og drift av kohortar er ein ikkje tilbake til normal drift.

Føretaket opprettheld framleis grøn beredskap, på linje med dei andre føretaka.

Resultatet i mai var eit overskot på 1,4 millionar, som er 0,8 millionar lågare enn budsjett. Til no i år er resultatet eit underskot på 26,6 millionar, noko som er 37,4 millionar bak budsjett.

Innanfor fag er vi framleis prega av at elektiv verksemd vart vesentleg redusert pga Covid-19-pandemien.

Samla sjukefråvær i Helse Førde var i april 5,3 prosent, som er ein nedgang på 3,7 prosentpoeng samanlikna med mars i år.

Fagdirektør Helleseeth orienterte om: Kvalitet og pasientryggleik

- Trygg pleie – fall, viser at snitt var 77 prosent i mai, mot 73 prosent førre månad
- Trygg pleie – trykksår, viser snitt var 76 prosent, mot 71 prosent i førre månad
- Trygg pleie – ernæring, viser snitt var 65 prosent, mot 63 prosent i førre månad
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden og ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid
- Fristbrot, 447 nye i mai, tilsvarande 23,2 prosent av dei med frist i perioden
- Beleggsprosent, viser 64 prosent
- Korridorpatientar, tre sengepostar hadde flest pasientar på korridor
- Stryking planlagde operasjonar, viser 2,5 prosent
- Akuttinntak – sepsispasientar
- Utsending av epikrise

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet i somatikk har auka betydeleg samanlikna med april, men er fortsatt påverka av pandemien. Psykisk helsevern har noko større avvik i mai enn i april.

Samla sjukefråvær i april var 5,3 prosent. Brutto månadsverk i perioden var 2294 og netto månadsverk var 2163.

Resultat i perioden var eit overskot på 1,4 millionar, som er 0,8 millionar lågare enn budsjett.

Til no i år er resultatet eit underskot på 26,6 millionar, som er 37,4 millionar dårlegare enn budsjett.

Utvikling av lønskostnader viser eit meirforbruk på 4,1 millionar i mai. Budsjettavviket er på 5,6 millionar hittil i år.

Styret etterspør: Rapportering på Synergi-saker til september-møte. (m/vekt på kritiske saker)

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per mai 2020 til vitende.

041/2020 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vart frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Dokument som er fastsett av staten/eigar er følgjande:

- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Regjeringa sin eigarpolitikk
- Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa

Styret har sjølv rådigheit over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur
- Etske retningslinjer

Desse dokumenta som er endra sidan førre årlege gjennomgang:

- Fullmaktsstruktur
- Rettleiar for godt styrearbeid
- Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)

Styret ber om at eigar justerer vedtekter § 3 med rett kommunenamn, og at vedtekter vert skrive på nynorsk.

Styret kommenterte instruks for adm. direktør, som var omtala i styreseminar haust 2019:

Punkt 3. Adm. direktør si myndigheit

Punkt 4.10 Påtalekompetanse mv.

Vedtekter og instruks for adm. direktør blir teke opp i neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret er kjend med og tek til vitende følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 21.02.2018
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, sist revidert haust 2019
- e. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- f. Etske retningslinjer for Helse Førde

- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Styret vil kome tilbake til justerte vedtekter og AD instruks.

Saker til orientering:

042/2020 Statusrapport forskning i Helse Førde

Oppsummering:

Statusrapporten omfattar rapportering på aktivitet for 2019, fokusområde og oppgåver i inneverande år, og omtalar planar for det vidare arbeidet.

Helse Førde målar aktiviteten gjennom budsjett, rekneskap, publikasjonar og anna formidling og avlagde doktorgradar.

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde, og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Aktiviteten har vore relativt låg samanlikna med andre helseføretak tidlegare, men føretaket er no i gang med ei gradvis opptrapping både av ressursbruk og aktivitet.

I mai 2020 var det to medarbeidarar i Helse Førde som disputerte med doktorgrad:

- Barnelege Hege Kristiansen med avhandlinga «The vulnerable child in an obesogenic environment»
- Samfunnsvitar Runar Tegel Hovland med avhandlinga «Kliniske tilbakemeldingssystemer i psykisk helsevern – implementering og praktisering»

Det er i dag 29 medarbeidarar med doktorgrad i Helse Førde.

Helse Førde har to tematiske forskingssatsingar: Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og rus (PHR).

Utviklingsdirektør Kleiven innleia om saka.

Forskningsleiar Solheim orienterte om statusrapport for 2019 og status for 2020

- *Midlar brukt til forskning i HFD 2012-2019*
- *Dei strategiske forskingssatsingane i 2019*
- *Klinisk behandlingssforskning*
- *To disputas i mai 2020*
- *Helseatlas, som vart lansert 10. juni*

Styret takka for god orientering og for positiv utvikling i forskingsaktiviteten.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om forskning i Helse Førde til vitende.

043/2020

Statusrapport innovasjon i Helse Førde

Oppsummering:

Helse Førde har siste halvår halde fram med å styrke innovasjonsarbeidet med fleire aktivitetar. Fleire prosjekt har fått innovasjonsmidlar frå Helse Vest, og er i gang. Det vert arbeidd med å gjere omgrepet innovasjon betre kjent, og ikkje minst korleis ein kan få fram og jobbe med idear. Det er tett dialog mellom føretaket og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, som gir råd og rettleiing på innovasjonsfeltet. Helse Førde legg vekt på å styrke samarbeidet om innovasjon med eksterne partar innan utdannings- og forskingssektoren og næringslivet.

I samband med koronakrisa har Helse Førde sett seg sjølv på kartet gjennom lansering av appen «Pust deg betre». Dette er eit digitalt verktøy for lungesjuka, men som også vil vere til god hjelp for pasientar som opplever luftvegs- og slimproblem knytt til korona.

Appen vart lagt ut på [helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) i starten av juni, og det er laga ei eiga nettside www.pustdegbedre.no

Adm. direktør Varden og utviklingsdirektør innleia om saka

Rådgjevar Rukan orienterte om statusrapport for innovasjon.

- *Utviklingsplan Helse Førde 2018-2035*
- *Nasjonale innovasjonsindikatorar 2019, viser at Helse Førde skårar høgt*
- *Innovasjonskontraktar, vi ha no kontrakt med Airlift Solutions AS og Norse Feedback*
- *«Pust deg betre»-prosjektet – meir enn ein app. Er brubyggar til resten av Helse Vest.*
- *Helse Førde deltek med trainee 2020/2021. Ane Agdestad startar 17. august*
- *Utfordringar i innovasjonsarbeidet*
- *Helse innovasjon konferanse vert i Førde 28. januar 2021*

Styret takka for god orientering og for positiv utvikling i arbeidet med innovasjon.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin halvårlege statusrapport om innovasjon i Helse Førde til vitende.

044/2020

Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Vidare utgreiing av alternativ 3 går for fullt med samhandlingsprosess med Veidekke og tilhøyrande gruppering av underentreprenørar, arkitekt og rådgjevarar. Det blir jobba både med Livabygget og Svanabygget, slik at vi kan skaffe oss meir kunnskap om heilskapen i prosjektet.

I slutten av juni vil ein førebels kalkyle vere klar, og rundt første september vil vi ha ein oppdatert heilskapskalkyle. Sak om val av alternativ kan derfor ikkje leggest fram før i styremøte i slutten av september 2020.

Rådgjevar Arntzen De Besche (AdB) har gjennomført ei juridisk utgreiing som konkluderer med at vår plan med endring av Livabygget frå tre til åtte etasjar kan gjennomførast utan ny konkurranse.

Advokatfirma Haavind AS og SANDS AS er engasjert for å gjennomføre to uavhengige juridiske vurderinger.

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 2

Open del:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

045/2020 Eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret 22.05.2020:

- Brev til Helse Vest RHF vedr. «Tilbakemelding på protokoll frå føretaksmøte 23. april», datert 02.06.2020
- RHF styresak 082/20 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2021

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet:

- Samhandlinga mellom Helse Førde og kommunane i opptaksområdet – til bruk i utviklinga av Helsefelleskap

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar
(sett)

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen
(sett)

Thomas Vingen Vedeld

Ivar Eriksen
(sett)

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes